



Lastinga pågår på Børnes fredag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den velvaksne tømmer-haugen på Børnes-kaia vart lasta over på båt fredag og dermed er resultatet av hogsten i år kome eit steg vidare i prosessen.

Enno er det ikkje klart kor omfattande avvirkinga blir totalt sett i Søre Kvinnherad Skogeigarlag sitt område dette året. Men leiar Trond Holmedal seier til uskedalen.no at det mest truleg ligg an til å bli det ein kan kalla eit normal-år og då vil kvantumet stoppa på rundt 3.000 kubikkmeter.

Når det har vore ein stor tømmer-haug på Børneskaia i det siste har det ikkje minst samanheng med ei relativt stor drift i Herøysund-området.

I fjor vart det avvirka 2.862 kubikkmeter i skogeigarlaget sitt område. Det var ein nedgang på rundt 1.000 kubikkmeter samanlikna med 2005, men det året var spesielt – med den mest omfattande hogsten på dei siste 15 åra. I 2004 var kvantumet 2.331 kubikkmeter.

Men kvantumet frå eit år til eit anna – frå skogeigarlag til skogeierlag - avheng sjølvsagt mellom anna av kvar driftsapparatet blir sett inn.

Vidar Jørdre i Vestskog kan generelt seia at det er aukande interesse for hogst også på desse kantar av landet. Det er både eit resultat av gode tømmerprisar og effektive, stimulerande verkemidlar frå sentralt hald..

Av Ola Matti Mathisen